

# Informasjonsmøte for lag og organisasjoner 26. september

## Sak 1. Nye retningsliner for kulturmiddlar

Dei gamle retningslinene var frå 2000, nye retningsliner er no vedtekne.

Retningsliner som er tydelegare på kven og kva som skal prioriterast.

Retningsliner som er tydelegare på kva og kven som ikkje skal få støtte.

Mindre rom for synsing

Aktivitet skal gje utteljing!

**VIKTIG:** Fristar må haldast!

Det er vedtatte retningsliner som gjeld og dei inneber at:

- Krav til søkeren må vera oppfylte
- Krav til søknaden må vera oppfylte
- Må akseptera følgjekort

Frå 2017 vert søknadsfris 30. april, med utbetaling før sommaren.

For 2016 er søknadsfrist 10. oktober.

### Kven kan få støtte?

Kultur – det vert prioritert born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering. Medlemmer og aktivitet i Radøy kommune

Ikkje støtte til:

- Støtteforeiningar
- Politiske parti
- Organisasjonar som har som viktig del av verksemda å samla inn middlar til andre føremål
- Organisasjonar som primært ivaretar medlemane sine yrkes- og økonomiske interesser
- Pasientorganisasjonar
- Organisasjonar som ikkje er opne for alle i målgruppa
- Kommersielle føretak
- Kommunale, fylkeskommunale eller statlege institusjonar/anlegg

Det vart stilt spørsmål om kva ein vektlegg mtp integrering. Kva med dei som ikkje har mulighet til å betale kontingent? Tidlegare kunne ein gå til NAV og få dekka dette. Denne ordninga fins ikkje lenger. Kva løysingar kan ein finne for dette? Kan ein i samarbeid med NAV finne eigne ordningar?

### Tilskotstypar

#### A ) Driftsmiddlar til lag og organisasjoner

- Tilskot til drift av lag
- Ikkje til lag som har som einaste formål å drifta lagshus
- Idrett minst 45 %, musikk minst 35 %, andre 10-20 %

- Kulturmidlar skal ikkje utgjera meir enn 50 % av inntektene til laget
- Obligatoriske vedlegg:
  - Revidert rekneskap
  - Vedtatt årsmelding
- Søknadsfrist 30. april frå 2017.

#### **B ) Tilskot til mindre investeringar i kulturygg og –anlegg**

- Støtte til eigara av kulturygg!
- Kan også søkja driftsmildar om laga har ein del aktivitet
- Det kan gjevast tilskot til:
  - Investeringar i eigne kulturygg og -anlegg
  - Kjøp av utstyr og materiell til eigne kulturygg og -anlegg
- Utbetalt etter fullført investering. Realisert i løpet av søknadsåret.
- Storleik vert vurdert årleg
- Søknadsfrist er 30. april og evt 15. september.

Søknadsfrist i år er 10. oktober

#### **C ) Aktivitets- og prosjekttilskot**

- Støtte til:
  - Opne kulturarrangement og –prosjekt
  - innkjøp av utstyr.
- Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte.
- Behovsprøvd
  - Underskotsgaranti
  - Direkte tilskot
- Søknadsfrist heile året

#### **D ) Leiaropplæring**

- Frå 2017
- Støtte til relevante kurs med tilbakeføringsverdi.
- Maks tre frå kvart lag til kurs utanfor kommunen.

Søknadsfrist heile året

#### **E ) Tilskot til idrettsanlegg**

- Vert fordelt utan føregåande søknad
- Førebels ingen endringar i retningsliner
- Innstilling frå idrettsrådet

#### **F ) Støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå**

- Pr i dag: Vert tildelt Tommy Urhaug og Manger musikklag
- Einskildpersonar eller grupper
- Elitenivå nasjonalt og internasjonalt innan idrett eller musikk.
- Stipend (årleg) til unge, lovande einskildutøvarar etter oppnådde resultat primært på nasjonalt og internasjonalt juniornivå.

#### **Krav til søknaden**

- Levert innan fristen
- Levert på gjeldande skjema
- Fullstendig utfylt

#### **Nettside for kulturmidlar**

- [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar)
  - Retningsliner
  - Skjema
  - Kontaktinformasjon

### **Sak 2. Andre tilskotsordningar**

- Tilskot til lokale kulturbrygg, søknadsfrist 1. april i Radøy kommune
- Sparebanken Vest 1. april
- Gjensidigestiftelsen 15. september

Informasjon vert lagt ut på <http://www.radoy.kommune.no/tilskot-og-prisar>

### **Sak 3. Informasjon frå Radøytunet statlige mottak**

Representantar frå Radøytunet statlege mottak kunne diverre ikkje møta, men det vart understreka at ein har behov for frivillige som gå turar, fiske, gje strikkeopplæring, leikegrupper for borna m.m. Dei har også hatt språkkafé på laurdagar frå kl. 14.00-16.00.

For å være frivillig må det visast fram politiattest av nyare dato. Vedlegg til politiattest og meir informasjon får de ved å kontakta Radøytunet statlige mottak på deira facebookside, på e-post [radoy.post@npaid.org](mailto:radoy.post@npaid.org) eller pr tlf. 95 91 75 75.

Etter møtet har det vorte kjend at asylmottaket vert lagt ned frå 1. februar. Behovet for frivillige er likevel tilstades fram til nedlegginga.

### **Sak 4. Ymse**

#### **Radøyhallen**

Innspel frå legetakarne på om det er mogleg å skilje kalenderen på hall og basseng

Skytebana i Radøyhallen vert brukt av tre ulike lag, og nettsida til Skytebana under Radøyhallen bør redigerast med kven som har treningstider kortid.

#### **Andre tilbakemeldingar**

Informasjonsskrivet som jamnleg vert sendt til lag og organisasjonar er veldig positivt. Det er viktig at det vert gjeve melding til kommunen dersom det er endringar i kven som er kontaktperson for dei ulike laga. Informasjonsskrivet kan og leggast tilgjengelig på nettsida til kommunen.

Flyktningar – integrering – Det vert oppfordra frå ulike lag om at kommunen set at ekstra midlar til lag som gjer ein innsats for flyktningane.

Det vert og oppfordra til at det vert gjeve tilbakemelding til Radøytunet om at det bør gevast trafikk-/sykkelopplæring og oppfordrast til bruk av hjelm.

Kommunereform – det er viktig at ein allereie no byrjar å sjå fram mot kommunesamanslåinga og og at lag og organisasjonar vert involvert tidleg.

Det er ulike eigarforhold til idrettsanlegg i dei tre kommunane, dette er viktig at ein har med i det vidare arbeidet.

Idrettsråda må involverast i prosessen.

Nærmiljøanlegg – det vart oppfordra til at har ein meir proaktiv rolle når det gjeld nærmiljøanlegg ved regulering av bustadfelt i kommunen.

#### **Sak 5. Spelemidlar**

Viktig at ein klarar å samarbeide kommunane i mellom for å laga ein regional plan for idrettsanlegg. Dette for å sikre ei større tildeling av spelemidlar.

Når det gjeld skyteanlegg vart det stilt spørsmål om Radøy kommune kan hjelpe til slik at Austrheim kommune kan få med skyteanlegg på Radøy med i sin idrettsplan.

Ref. Anne Dahle Austrheim, leiar kultur- og sørvistorget